

## **Konfliktrådet**

**- Har du ein konflikt du ønskjer hjelp til å løyse?**

Konfliktrådet er eit tilbod til deg som er involvert i ein konflikt eller eit straffbart forhold. Det er for både sivile saker og straffesaker. Straffesaker frå politiet som blir løyste i konfliktrådet, blir ikkje registrerte på den ordinære politiattesten.

Døme på sakstypar som konfliktrådet handsamar:

- Hærverk
- Innbrot
- Tjuveri, naskeri
- Lekamskrenking
- Mobbing
- Æreskrenning
- Truslar
- Nabokonflikter
- Konflikter mellom leigar/utleiar
- Konflikter på arbeidsplassen
- Familiekonflikter

### **Meklaren har teieplikt.**

Ein upartisk meklar legg til rette for eit møte mellom dei konflikten gjeld, der ein har som mål å løyse konflikten. Meklarane i konfliktrådet har kompetanse i konflikthandtering, men gjev ikkje juridisk hjelp. I dei fleste meklingsaker blir partane samde. Du kan avtale med meklaren at du har med deg ein støtteperson når du kjem til meklinga. Unge under 18 år møter vanlegvis med føresette. Partane kan ikkje møte med advokat.

Tilbodet er gratis og frivillig, og du kan sjølv ta direkte kontakt med ditt konfliktråd.

Leiar for konfliktrådet Sogn og Fjordane, Laila Oppedal, kan du treffe via tlf. nr 22032686 frå kl 08.00 - 15.30. eller via mailadr.; [sognogfjordane@konfliktraadet.no](mailto:sognogfjordane@konfliktraadet.no)  
Rådgivar i konfliktrådet, Bjarte Hauge, kan du treffe via tlf. nr 22032688

Konfliktrådet i Sogn og Fjordane held til i Storehagen 1, i Førde.

Kontoret dekkjer det same området som Sogn og Fjordane politidistrikt. Det vil seie 24 kommunar i Sogn og Fjordane: *Askvoll, Aurland, Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Stryn, Vik, Vågsøy, Årdal, og 1 kommune i Møre og Romsdal: Vanylven*

Nettside: [www.konfliktraadet.no](http://www.konfliktraadet.no)